



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/725-4

Sakshandsamar: Jan Olav Hemsing

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst, kultur og idretts utval		

Søknad om støtte til utbetring Eidsborg grendehus

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

- 1 Eidsborg ungdomslag malingsøknad.docx

Bakgrunn for saka

Eidsborg ungdomslag søker Tokke kommune om støtte til måling og målingsutstyr til vedlikehald av grendehuset i Eidsborg. Eidsborg ungdomslag har i sommar hatt dugnad ved grendehuset. Det har vaska og måla heile bygget utvendig på dugnad.

Saksutgreiing

Tokke kommune har tre private grendehus som får eit årleg tilskot Austheii 31 000, Mo 54 500 og Eidsborg grendehus. Dei to siste åra har Tokke kommune løyvd vedlikehaldsmidlar og oppgraderingsmidlar til fleire av grendehusa i kommunen.

Ekstraløyvingar	2023/2024
private	
Austheii	100 000
Eidsborg	
Mo	1 200 000
kommunale	
Lårdal	1 800 000
Åmdals Verk	700 000
Skafså	700 000
Byrte	1 600 000

Eidsborg grendehus har ikkje motteke ekstra midlar til vedlikehald eller opprusting av grendehuset. Ei støtte som dekkjer materialkostnadane til dugnaden vil bidra til å senke terskelen for framtidige dugnadar ved bygget og gje Eidsborg ungdomslag betre økonomi i 2025.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune støttar Eidsborg ungdomslag med 15 000 kr til dugnad ved Eidsborg grendehus midlane takast frå 432 Kulturtiltak.